



16.november 2009

PROTOKOLL

Møte i **PROGRAMUTVALET FOR LÆRARUTDANNING** måndag 16.november, kl 1315-1500, rom 435, HF-bygget, 4.etasje.

Til stades:	Leiar	Endre Brunstad
	LLE	Torodd Kinn
	IF	Anne-Brit Fenner
	Studentrepresentant, IL	Elin Stengrundet
	Frå administrasjonen:	Erna Synnøve Kjensjord (sekretær)
Meldt fråfall:	AHKR	Sven-Erik Grieg-Smith

I **Godkjenning av innkalling og sakliste.**

Innkalling og sakliste vart godkjende utan merknader.

II **Godkjenning av protokoll frå møte 29.10.2009.**

Protokoll frå møte 29.10.09 vart godkjend utan merknader.

III **Orienteringssaker**

1. Dialogmøte med studentane 17.11.09

Kjensjord vil ønske studentane velkomen, og seie litt om kva som skal skje i løpet av møtet. Punkt som skal gåast gjennom er å seie litt om studentmobilitet og fråfall generelt, synet på utdanninga og positive sider ved den, og utvekslingsspørsmålet. Studentane skal få høve til å uttale seg om/diskutere dei ulike punkta, og ta opp eigne saker.

2. Fagdidaktisk møte i desember (saka utgjekk)

3. Drøftingssak: Masterstudium i utdanning (med mastergrad i engelsk og nordisk fagdidaktikk) (sjå eige vedlegg)

Saka dreier seg om at UiB har fått tildelt studieplassar til eit toårig masterstudium i utdanning. Nyheita om tilbodet kom overraskande, fordi ein tidlegare førespurnad om oppretting av eit slikt studium har vorte avslått. Visedekan for undervising, Jan Oldervoll, er no medlem av arbeidsgruppa som jobbar med saka. Endre Brunstad og Aud Solbjørg Skulstad har hatt møte med Oldervoll, der dei la fram sine synspunkt på planane. Nokre kjernepunkt er opptakskrav, størrelsen på masteroppgåva og pedagogikk si plass i programmet. Det kan vere vanskeleg å få gjennomslag for ei masteroppgåve på 30 studiepoeng, både med tanke på omstillinga som dette

vil krevje i fagmiljøet, og at empiri/feltarbeid vil krevje meir tid enn eit semester. Der er elles fleire uklare punkt, mellom anna når det gjeld dei økonomiske rammene og om det er snakk om eit heiltids- eller deltidsstudium.

4. Neste møtedato.

Dato for neste møte er onsdag 9.desember 2009 kl.13.15-15.00.

5. Offentleggjing av innkallingar og saksliste

Framover vil sakspapira for PUHF-møta verte lagt ut på nettsidene til fakultetet, <https://www.uib.no/hf/om-fakultetet/om-det-humanistiske-fakultet/styre-og-utval-ved-fakultetet/laerarutdanningsutval>. Det er i denne samanhengen viktig å vere nøye med å gjere dei sakane som krev det anonyme.

IV S09/11

Saker

Bachelorgrad for studentar som sluttar på integrert lektorutdanning

Vedtak:

PUHF tek til etterretning at studentar som sluttar på lektorutdanningsprogrammet etter sjette semesteret, vil vere kvalifiserte for ein bachelorgrad i språk eller eit språkfag, og at dei på den måten har formelt grunnlag for opptak til masterutdanning i spesialiseringsfaget. Føresetnaden er full studieprogresjon, ei 15 studiepoengs semesteroppgåve på 200-nivået, og at fagdidaktikkemna i spesialiseringsfaget vert godkjent som del av spesialiseringa.

V

EVENTUELT

Kjensjord meldte inn ei ekstra o-sak (o-sak 5 om offentliggjing av innkallingar og protokollar).

Kjensjord informerte òg om ein førespurnad frå programkoordinator på PPU om utnemning av medlem til arrangementskomiteen for avslutningsmarkering av haustens uteksaminerte PPU-kull. Det vart føreslått å spørje Wanda Alberts om å delta i komiteen.

Endre Brunstad

Erna Synnøve
Kjensjord